



Seljord kommune

Arkiv: V70  
Saksnr. 05/00719-2  
Saksbehandler: Roar Flatland  
Direkte telefon: 35 06 51 51

UTSKRIFT AV

MØTEBOK

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2005 01215	Doknr.: 84
Mottatt: 5 OKT 2005 ASK/ASKL	
Saksbeh.: IEK	Ark.: 482
Kopi:	Avskr.:

## Høringsutkast - Forskrift om berekraftig skogbruk.

Utvalgssaksnr.:	Utvalg	Møtedato
065/05	Planutvalet	29.09.05

### Saksdokument:

1. Høringsutkast - Forskrift om berekraftig skogbruk.
2. Høringsbrev

### SAKSUTGREIING:

Landbruks- og matvaredepartementet har sendt på høring eit utkast til ny forskrift om berekraftig skogbruk. Forskrifta inneheld føresegner både om miljøomsyn og om tilfredsstillande forynging. Utkastet inneheld også føresegner om tiltak mot skade på skogen. Høringsfristen er 4. Oktober 2005.

### Bakgrunn

I St.meld. nr. 17 (1998-99) Verdiskaping og miljø - muligheiter i skogsektoren, foreslo regjeringa at det skulle utarbeidast ei ny lov om skogbruk til erstatning for gjeldande skogbrukslov. Arbeidet skulle ha som mål at den nye lova skulle innehalde klare føresegner om eit berekraftig skogbruk og om langsiktig ressursforvaltning. Ein ønskte at skogeigaren sitt ansvar for å forvalte eigne skogressursar og å ta miljøomsyn skulle stå sentralt i ei ny lov. Under behandlinga av Skogmeldinga streka Næringskomiteen under at lova burde vere ei næringslov som byggjer på prinsippet om fridom under ansvar, og at lova burde gi klare rammer for dei miljøomsyna skogbruket må ta, og som er ein viktig del av skogeigaren sitt forvaltaransvar.

I samsvar med denne meldinga og Stortinget si behandling av den la Regjeringa hausten 2004 fram framlegg om ny skogbrukslov, Ot. prp. nr. 28 (2004-2005). I proposisjonen heiter det mellom anna følgjande om ei miljøforskrift;

*Departementet meiner at spørsmål som gjeld ei mogleg miljøforskrift må sjåast i samanheng med skogbruket si miljøatsing elles. Gjennom miljøprosjektet Levende Skog blei det i 1998 fastsett standardar for eit berekraftig skogbruk. Desse standardane blei innarbeidd i eit sertifiseringsystem*

*som no femner mellom 90 og 100 % av avverkninga i det norske skogbruket. .... Departementet er svært tilfreds med den innsatsen næringa legg i miljøomsyn ved drift og forvaltning av skogressursane, ei satsing som har ført til at det blir teke vesentleg meir miljøomsyn i skogsdrifta i dag enn tidlegare.*

*Departementet meiner likevel at det er ønskeleg at skogeigaren sitt miljøansvar, slik dette er formulert i § 4 første ledd også går fram gjennom utfyllande forskrifter til lova. Dette fordi departementet meiner det er eit offentleg ansvar å gi næringa klare rammer for miljøomsyna i verksemda. .... Reglane vil dessutan kunne fungere som eit sikringsnett dersom arbeidet med den frivillige sertifiseringsordninga skulle svekkast i høve til i dag. Samstundes legg departementet vesentleg vekt på ikkje å legge nye byrder på skogeigarar som aktivt følgjer opp skogbruksnæringa sitt arbeid med miljøomsyn og miljøsertifisering. Ei forskrift må utformast slik at ho sikrar nødvendige minstekrav utan å svekke den motivasjonen næringa har for frivillige miljøomsyn, og utan å kaste vrak på det verdifulle arbeidet som er lagt ned gjennom Levende Skog og sertifiseringsystem, kompetansehevingstiltak og anna som ligg i oppfølginga av Levende Skog. Departementet legg til grunn at dei som er tilslutta gjeldande sertifiseringsordning vil tilfredstille dei krava som blir sett i lova, og som vil følgje av den komande forskrifta.*

I forskrifta har LMD samla reglane om miljøomsyn, om forynging og reglane om tiltak mot skade på skog.

### Miljøomsyn

Landbruks- og matdepartementet har lagt Stortinget sin merknader til grunn og har derfor også lagt til grunn den miljøsatsinga som er eit resultat av Levende Skog-prosjektet og sertifiseringa som byggjer på dette. Ved utforminga av miljøreglane i forskriftsutkastet har departementet arbeidd saman med Miljøverndepartementet. I utkastet til forskrift er det mellom anna føresegner om krav til miljødokumentasjon og miljøregistreringar, og føresegner knytt til hogst, skogreising, skifte av treslag og bruk av utanlandske treslag.

### Tilfredsstillande forynging etter hogst

Av den nye lova går det fram at skogeigaren skal sørgje for tilfredsstillande forynging etter hogst, og at skogeigaren skal sjå til at det er samanheng mellom hogstform og metode for forynging. Lova stiller og krav om at skogeigaren skal setje i gang nødvendige tiltak for forynging etter hogst.

Det er mange tilhøve som må leggjast til grunn ved vurdering av om forynginga er tilfredsstillande; skogen sin produksjonsevne, avstand til veg, klimatilhøve o.l. , og det ligg føre eit grundig og omfattande materiale om dette frå forskinga. I utkastet til føresegner om tilfredsstillande forynging har departementet lagt vekt på å vise både dei tilrådde plantetala for dei ulike bonitetsklassene og den absolutt nedre grensa som kan utløyse tiltak overfor skogeigaren.

### Tiltak mot skadar på skog

Føresegnene i dette kapitlet er i hovudsak i samsvar med gjeldande reglar, men departementet har lagt opp til at dei mest omfattande tiltaka berre skal skje i område der det blir rapportert om fare for insektsverming. Dei viktigaste tiltaka for å forhindre insektsverming er å fjerne dautt trevirke og skadd skog. Samtidig er det bra med slikt virke av omsyn til det biologiske mangfaldet, og dermed legg departementet opp til meir nyanserte føresegner enn det som går fram av gjeldande forskrift.

## **Kommunen sine vurderingar**

Forskrift om bærekraftig skogbruk er vedtatt innført av Stortinget. Primært meiner

administrasjonen i Seljord kommune at det ikkje behov for ei ny forskrift. Eksisterande tiltak som blir gjennomført innan skogbruket oppfyller krava forskrifta stiller om miljøomsyn. Det er heller ikkje ressursar på kommunalt nivå til å foreta ei forsvarleg oppfølging av føresegnene. Det er ideelt sett betre å drive med informasjon enn kontroll av verksemda i skogbruket

Administrasjonen ser ingen faglege innvendingar mot innhaldet i forskrifta. Føreslåtte føresegner er stort sett i tråd med det skogbruket allereie gjer. Det er ei fornuftig konkretisering og LMD har lagt seg på eit fornuftig standard når det gjeld nivå..

Når forskrifta først er vedtatt innført så har ikkje kommunen innvendingar på innhaldet i forskrifta. Men kommunen ser seg ikkje i stand til å handheva forskrifta med dei ressursane som er til stades. Kommunane er allereie pålagt mange nye oppgåver.

#### **RÅDMANNENS FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Planutvalet sluttar seg til administrasjonen si vurdering.

#### **Behandling og avrøysting i Planutvalet - 29.09.2005:**

Samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i Planutvalet - 29.09.2005:**

Forskrift om bærekraftig skogbruk er vedtatt innført av Stortinget. Primært meiner planutvalet i Seljord kommune at det ikkje behov for ei ny forskrift. Eksisterande tiltak som blir gjennomført innan skogbruket oppfyller krava forskrifta stiller om miljøomsyn. Det er heller ikkje ressursar på kommunalt nivå til å foreta ei forsvarleg oppfølging av føresegnene. Det er ideelt sett betre å drive med informasjon enn kontroll av verksemda i skogbruket

Planutvalet ser ingen faglege innvendingar mot innhaldet i forskrifta. Føreslåtte føresegner er stort sett i tråd med det skogbruket allereie gjer. Det er ei fornuftig konkretisering og LMD har lagt seg på eit fornuftig standard når det gjeld nivå..

Når forskrifta først er vedtatt innført så har ikkje kommunen innvendingar på innhaldet i forskrifta. Men kommunen ser seg ikkje i stand til å handheva forskrifta med dei ressursane som er til stades. Kommunane er allereie pålagt mange nye oppgåver.

Utskrift til:

Det kongelige Landbruks og matdepartement Postboks 8007 Dep 0030 OSLO